

Tariffhefte for regionalt distribusjonsnett (tidl. Mørenett) - 2024



Framstilling av modell og tariffar

Framstilling av tariffmodellen

Tariffmodellen berekner korleis tillate inntekt skal fordelast mellom kundar tilknytt regionalt distribusjonsnett. Modellen baserer seg på reglar gitt i forskrift om kontrollvirksomheten.

Energiledd

Energileddet er eit bruksavhengig ledd som skal reflektere systembelastning den enkelte kunde påfører heile kraftsystemet på alle nettnivå når dei tek ut eller matar inn kraft. Avrekningsgrunnlag for energileddet er faktisk levert energi inn på nettet eller uttak av energi frå nettet time for time i kvart tilknytingspunkt.

$\text{Energiledd (kr)} = \text{innmating/uttak (MWh)} * \text{marginaltapssats (\%)} * \text{områdepris NO3 (kr/MWh)}$

Marginaltapssatsen reflekterer systembelastninga i kvart utvekslingspunkt, og presenterast som summen av marginaltapssats i transmisjonsnett + regionalt distribusjonsnett. I same tilknytingspunkt har tapsprosenten same absoluttverdi for uttak og innmating, men med motsatt forteiken. Det bereknast eigne satsar for dag og for natt/helg.

Fastledd

Fastleddet skal sørge for at regionalt distribusjonsnett får dekkja inn samla tillate inntekt. Det blir skilt mellom fastledd til innmating (produksjon) og uttak (forbruk).

Tariffering av produksjon

Fastledd

Avrekningsgrunnlag

Avrekningsgrunnlag for produksjon baserer seg på rullerande gjennomsnittleg netto årsproduksjon siste 10 år. Netto årsproduksjon framgår av forskrift om kraftomsetning og nettjenester § 3-4 Måling av produksjon. Tariffgrunnlaget 2024 bygger på data frå perioden 2013-2022. Nye produksjonseiningar manglar historiske data. Då blir venta årsproduksjon gitt i konsesjon brukt som avrekningsgrunnlag for oppstartsåret og dei to påfølgande kalenderår. Deretter inngår historiske data løpande i avrekningsgrunnlaget.

Tariff

Transmisjonsnettet sin innmatingstariff skal til ei kvar tid brukast på alle nettnivå (jf forskrift om kontrollvirksomheten § 15-2). Det betyr at produsenten skal betale same fastledd uavhengig av om krafta matast inn i transmisjonsnett eller regionalt-/lokalt distribusjonsnett. Fakturert innmatingstariff i regionalt distribusjonsnett førast vidare til overliggende transmisjonsnett (jf forskrift om kontrollvirksomheten § 15-3).

Energiledd

Sjå framstilling av tariffmodellen

Tariffering av forbruk

Fastledd

Avrekningsgrunnlag

Avrekningsgrunnlag for forbruk baserer seg på kunden sitt effektuttak i kraftsystemet sin topplasttime i prisområde NO3. Denne blir kvart år publisert på Statnett sine heimesider. Det blir berekna eige avrekningsgrunnlag for kvart tilknytingspunkt. Målt netto effektutveksling i topplasttiden (Pru – Pri) for kvart utvekslingspunkt blir korrigert for samla produksjon i topplasttiden (Pp) bak utvekslingspunktet og utgjør forbruket i topplasttiden (Fs).

$$\text{Forbruk (Fs)} = \text{Prioritert uttak (Pru)} - \text{Prioritert innmating (Pri)} + \text{Produksjon (Pp)}$$

Gjennomsnitt av forbruket dei fem siste år dannar avrekningsgrunnlaget (A). I avrekningsgrunnlaget for 2024 inngår forbruket frå åra 2019-2023. Avrekningsgrunnlaget blir justert for samlokalisering med kraftproduksjon gjennom ein korreksjonsfaktor (k-faktor). Det bereknast ein k-faktor for kvart utvekslingspunkt. Storleik på k-faktor er avhengig av forholdet mellom innmating og uttak i utvekslingspunktet, men kan ikkje vere lågare enn 0,6. Det betyr at maksimal reduksjon av avrekningsgrunnlaget som følge av samlokalisering med produksjon er 40 %.

K-faktor bereknast ut frå følgjande formel (kjelde: Statnett sitt tariffhefte):

$$k = \frac{F_s^{tot}}{P_t + F_s^{tot}}, \text{ hvis formelen gir } k < 0,6 \text{ settes } k \text{ til } 0,6$$

F_s^{tot} : Sum av gjennomsnittlig forbruk for alle kunder i punktet i MWh/h i topplasttiden foregående 5 år.

P_t : Sum tilgjengelig vintereffekt i punktet.

Tilgjengelig vintereffekt (P_t)

- Vannkraftverk: Den høyeste effekt som kan produseres i en sammenhengende 6-timers periode under høyeste vinterforbruk. En regner her med normal vannføring for elvekraftverk og magasinivå for magasinverk, begge referert uke 3.
- Vindkraftverk: 25 % av installert ytelse²
- Termisk kraftverk: 100 % av installert ytelse

Tariff

Tariffen i fastleddet skal sørge for at regionalt distribusjonsnett får dekket inn samla tillate inntekt. Avrekningsgrunnlag blir korrigert med k-faktor og multiplisert med årets tariff (kr/kWh).

Energiledd

Sjå framstilling av tariffmodellen

Tariffsatsar for 2024

Energiledd

Sjå framstilling av tariffmodellen

Fastledd

Produkt	Tariff 2023
Forbruk 11/22 kV	520 kr/kW
Innmating frå produksjon inkl. tillegg for systemtjenester	14,9 kr/MWh